

Årsmelding for Det norske orgelselskaps pipebank, Austrått 2022

Året 2022 har vore eit relativt aktivt år for pipebanken, der vi nesten mista lokala våre på Austrått og der vi har fått nytt styre.

Lokale

Pipebanken leiger lokale av Yrjar heimbygdslag, og leigeavtalen gjekk ut i 2022. Heimbygdslaget hadde antyda at dei ville ha lokala sjølve, og at pipebanken måtte ut. Det vart derfor tatt initiativ for å få til eit møte med styret i Yrjar heimbygdslag for å finne ei løysning på dette. Møtet fann stad måndag 21. februar og heile styret for pipebanken, saman med leiar i Orgelselskapet, Eivind Berg, og organisten på Ørlandet, Stefan Strbka, møtte opp. Det vart eit oppklarande og fint møte, der det vart lova at pipebanken ikkje skulle kastast ut med det første. Heimbygdslaget hadde også eit ønska om at pipebanken skulle vere åpen nokre dagar når det er anna aktivitet der, og det vart avtalt at underteikna skulle komme dit på Austrått dagane i august og bygge Doe-orgel (byggesettorgel). Lørdag 27. august var pipebanken åpen og det vart bygd orgel. Dette vart tatt godt i mot.

Styre

Det vart valgt nytt styre for pipebanken (2022 – 2024) på årsmøtet til orgelselskapet. To av dei tidlegare styremedlemmene vart gjenvalgt: Nils Harald Torkildsen og Kristin Eek. Nye styremedlemmer er Bjørn Borge og Stefan Strbka. Styret hadde styremøte 27. august og konstituerte seg slik:

Leiar: Kristin Eek

Sekretær/kasserar: Bjørn Borge

Lokal kontaktperson: Stefan Strbka

Styremedlem: Nils Harald Torkildsen

Bernt Gjelvold, som i 25 år har vore pipebanksjef og primus motor i både etableringa og drifta av pipebanken, gjekk av helsemessige årsakar ut av styret. Vi vil rette ein stor takk til han for det store arbeidet han har gjort for pipebanken.

Svein Næss gjekk også ut av styret etter 25 år, og han fortener også ein stor takk for arbeidet.

For Det norske orgelselskaps pipebank, Austrått

Kristin Eek, leiar